



# Innst. 120 S

(2015–2016)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 29 S (2015–2016), kap. 820, 821, 822, 3821 og 3822

### Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2015 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Til Stortinget

## 1. Samandrag

### 1.1 Innleiing

I proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2015.

### 1.2 Endringsforslag

#### *Kap. 820 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet*

##### POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Ansvar for kompetanseteamet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting blei overført frå IMDi til Bufdir 1. september 2015. BLD føreslår på denne bakgrunn å flytte 1,4 mill. kroner frå IMDis driftspost kap. 820 post 1, til Bufdirs driftspost kap. 858 post 1. Midlane skal dekkje utgifter til kompetanseteamet og til heimreise til Noreg ved tvangsekteskap, kjønnslemlesting og alvorlege inngrep i unges fri-dom.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere kap. 820 post 1 med 1,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 858 post 1.

#### *Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak*

##### POST 60 INTEGRERINGSTILSKOT, KAN OVERFØRAST

Målet med integreringstilskotet er å medverke til rask busetjing.

Behovet i 2015 blir anslått å auke med 320,3 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Hovudsaka er auka anslag for talet på busette i 2015.

BLD føreslår i proposisjonen å auke løyvinga på kap. 821 post 60 med 320,3 mill. kroner.

##### POST 61 SÆRSKILT TILSKOT VED BUSETJING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR, OVERSLAGSLØYVING

Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar mottok eit særskilt tilskot. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Behovet i 2015 blir anslått å auke med 10,5 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Årsaka til auken er fleire personar i målgruppa for tilskot i 2015 enn tidlegare lagt til grunn.

BLD føreslår i proposisjonen å auke kap. 821 post 61 med 10,5 mill. kroner.

##### POST 62 KOMMUNALE INNVANDRARTILTAK

Løyvinga til forsøket med gratis kjernetid var totalt på 140,9 mill. kroner i saldert budsjett 2015. 51 mill. kroner blei overført til kommunenes rammetilskot på kap. 571 post 60 i revidert nasjonalbudsjett 2015 for å dekkje innføringa av den nye nasjonale ordninga med gratis kjernetid i barnehage for fire- og femåringar for familiar med låg inntekt frå 1. august 2015. Dei resterande 89,9 mill. kronene skulle i 2015 bli nytta til forsøk og utviklingsprosjekt med rekruttering av barn til barnehage og med aktivitetar for foreldre i Oslo, Drammen og Bergen. Kommunane

har søkt om eit lågare beløp til dette for andre halvår 2015.

BLD føreslår på denne bakgrunn å redusere kap. 821 post 62 med 6,5 mill. kroner. BLD føreslår å nytte 0,4 mill. kroner til å dekkje meirbehov på kap. 868 post 1, jf. omtale under denne posten.

***Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak***

POST 1 INTEGRERINGSTILSKOT FOR OVERFØRINGS-  
FLYKTNINGAR, ODA-GODKJENDE UTGIFTER

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Løyvinga på posten er anslått redusert med 21,4 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Hovudårsaka til endringa er anslått reduksjon i talet på busette overføringsflyktningar i 2015.

BLD føreslår i proposisjonen å redusere kap. 3821 post 1 med 21,4 mill. kroner.

POST 2 SÆRSKILT TILSKOT VED BUSETJING AV  
EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR,  
ODA-GODKJENDE UTGIFTER

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjarak og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Løyvinga på posten er anslått å auke med 0,6 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Hovudårsaka er ein auke i prognosen for busetjing av einslege mindreårige flyktningar i 2015.

BLD føreslår i proposisjonen å auke kap. 3821 post 2 med 0,6 mill. kroner.

***Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak***

POST 60 TILSKOT TIL OPPLÆRING I NORSK OG  
SAMFUNNSKUNNSKAP FOR VAKSNE  
INNVANDRARAR

Behovet i 2015 er anslått å auke med 264,9 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Hovudår-

saka er ein auke i målgruppa for norskopplæring for asylsøkarar i mottak. Det er også eit meirbehov knytt til ei ekstra utbetaling av tilskot basert på registreringar frå nytt Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).

BLD føreslår i proposisjonen å auke kap. 822 post 60 med 264,9 mill. kroner.

***Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak***

POST 1 NORSKOPPLÆRING I MOTTAK,  
ODA-GODKJENDE UTGIFTER

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjarak og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Løyvinga på posten er anslått å auke med 182,5 mill. kroner samanlikna med gjeldande budsjett. Hovudårsaka er ein auke i prognosen for målgruppa for norskopplæring for asylsøkjarak i mottak.

BLD føreslår å auke kap. 3822 post 1 med 182,5 mill. kroner.

## **2. Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, handsamar i innstillinga budsjettkapitla 820, 821, 822, 3821 og 3822, og har elles ingen merknader.

### 3. Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
<b>Utgifter</b>			
820		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med .....	1 404 000
		fra kr 201 460 000 til kr 200 056 000	
821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	320 323 000
		fra kr 6 637 391 000 til kr 6 957 714 000	
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	10 525 000
		fra kr 433 267 000 til kr 443 792 000	
	62	Kommunale innvandrartiltak, blir redusert med .....	6 450 000
		fra kr 244 646 000 til kr 238 196 000	
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir auka med .....	264 888 000
		fra kr 1 701 602 000 til kr 1 966 490 000	
		fra kr 7 330 000 til kr 5 700 000	
<b>Inntekter</b>			
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	
	1	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	21 405 000
		fra kr 229 530 000 til kr 208 125 000	
	2	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	631 000
		fra kr 46 740 000 til kr 47 371 000	
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	1	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .....	182 493 000
		fra kr 135 275 000 til kr 317 768 000	

Oslo, i kommunal- og forvaltingskomiteen, den 7. desember 2015

**Helge André Njåstad**

leiar og ordførar

